



ØRSTA KOMMUNE
SENTRALADMINISTRASJONEN

Landbruks- og matdep.	
Saksnr:	2006 00143 58
Mottatt:	4 MAI 2006
Saksbeh:	MP/SDO/
Arkiv:	713
Kopier:	
Avskrift:	

Det Kongelige landbruks- og matdepartement
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Dato: 03.05.2006
Arkivsak 06/00455

**HØYRING AV FORSLAG TIL ENDRING AV LOV 15. JUNI 2001 NR. 75 OM
VETERINÆRER OG ANNET DYREHELSEPERSONELL**

Då høringsfristen i denne saka er sett til 15. mai 2006, følgjer saksutgreiing med tilråding til Ørsta formannskap vedlagt.

Til orientering har Ørsta formannskap møte 16. mai 2006, og vedtaket blir då straks ettersendt.

K. Osvik
Kari Osvik
førstesekretær

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar : **Asbjørn Moltudal** Arkiv: **V59 &13**
Arkivsaksnr.: **06/00455**

Saka gjeld: **HØYRING AV FORSLAG TIL ENDRING AV LOV 15.JUNI 2001
NR. 75 OM VETERINÆRER OG ANNET
DYREHELSEPERSONELL**

TILRÅDING:

Formannskapet i Ørsta kommune har vurdert høyringsforslaget frå Landbruks- og matdepartementet, datert 15.02.06, om endring av lov 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell.

Formannskapet har følgjande uttale til forslaget:

Ørsta kommune vil ikkje tilrå Landbruks- og matdepartementet sitt framlegg om endringar i Lov av 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell. Dagens ordning med statleg ansvar for veterinærtjenesten bør vidareførast.

I dag er veterinærtjenestene ei statleg oppgåve som vert forvalta av Mattilsynet. Etter at det i februar 2006 vart inngått avtale om klinisk veterinærvesen, ser dagens ordning ut til å fungere tilfredsstillande.

For å sikre effektiv ordning med tilsyn og kontroll av smittsomme dyresjukdomar, vil det vere hensiktsmessig også framover å knyte dette til ein landsdekkande organisasjon som Mattilsynet.

Dei økonomiske tilhøva ved ei overføring av veterinærtjenestene frå staten til kommunane er ikkje greidde ut. Tidlegare røynsler frå tilsvarande overføringar av statlege oppgåver er ikkje udelt positive. Sjølv om staten lover full kompensasjon syner røynslene at dette ikkje alltid vert fylgt opp i praksis.

Utskrift til:

Det Kongelige landbruks- og matdepartement, Postboks 8007 Dep, 0030 OSLO

Vedlegg:

Endring i "Lov om veterinærer og annet dyrehelsepersonell." Uttalelse fra Utvalg Veterinærvakt for region Trøndelag, Møre og Romsdal.

SAKSNR 0018/06 FRA MØTE 27.04.2006 I LANDBRUKSNEMNDA,
SAKSPROTOKOLL: UTTALE TIL FORSLAG OM ENDRING AV LOV 15.JUNI 2001 NR 75 OM VETERINÆRER OG ANNET DYREHELSEPERSONELL,
, UTTALE TIL FORSLAG OM ENDRING AV LOV 15.JUNI 2001 NR 75 OM VETERINÆRER OG ANNET DYREHELSEPERSONELL, 12.04.2006
Det kongelige landbruks og matdepartement, HØYRING AV FORSLAG TIL ENDRING AV LOV 15.JUNI 2001 NR. 75 OM VETERINÆRER OG ANNET DYREHELSEPERSONELL, 15.02.2006

Samandrag:

Landbruks- og matdepartementet vil endre lov av 15.juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell. Endringa går på at ansvaret knytt til lova vert overført frå staten til kommunane.

Dette vil medføre konsekvensar for kommunane.

Saksopplysningar:

Landbruks- og matdepartementet vil endre lov av 15.juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell. Endringa går på at ansvaret knytt til lova vert overført frå staten til kommunane.

I samband med evt. overføring er saka blitt sendt ut på høyring m.a. i kommunane. Saka er blitt handsama i Landsbruksnemnda og eg syner til saksutgreiinga frå landbrukssjefen der det går fram;

Det er no staten som har ansvaret for å sikre ei landsdekkande dyrehelseteneste. Målsetjinga med forslaget er at kommunane skal ta over ansvaret frå 2007.

Lovendringane er konkret knytt til desse paragrafane:

- § 1 andre ledd vert oppheva; "*Staten har det overordnede ansvaret for å sikre en landsdekkende dyrehelsetjeneste*".
- § 3a endrast frå "*Loven gjelder for dyrehelsepersonell i riket*" til "*Kommunene skal sørge for tilfredsstillende tilgang på tjenester fra dyrehelsepersonell*".
- § 26 opphevast. Dette er ein lenger tekst om klinisk vakt.

Sagelvmo-utvalet har sett på saka, og har i sin rapport kome med denne slutninga: "*Utvalget mener at de utfordringer en står overfor med hensyn til å få en tilfredsstillende veterinærdekning i alle deler av landet best kan løses ved at tilgang på kliniske veterinærtjenester gjøres til et kommunalt ansvar. Utvalget tilrå derfor at kommunene gis ansvar for at det finnes en tilfredsstillende veterinærdekning. Utvalget mener det i den sammenheng vil være nødvendig at også det statlige ansvaret for den kliniske veterinærvakten legges til kommunal sektor.*"

Utvalet og departementet meiner at det vil verte ei betre ordning om ansvaret og forvaltninga vert flytta nærare brukarane og dei faktiske behova.

Ansvaret vert direkte då det vert ein plikt for kommunen å sørgje for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell.

Departementet vil ikkje lage detaljerte reglar om klinisk vakt. Kommunane står fritt til å vurdere om dei ønskjer ei avtaleregulering eller godtgjersle ut frå lokale forhold. Den einskilde kommune avgjer korleis dei vil gjere dette. Ein skal ha døgntkontinuerleg tilgang på tenesta organisert vaktordning.

Drift av generell klinisk vaktordning som kan ta hand om både dyr i landbruket og hobby- og kjæledyr skal vere i drift når kommunane tek over. Spesialvakt for kjæledyr går ut. Departementet har allereie sagt opp denne avtalen!

Ein vil no ha såkalla primærvakt for alle husdyrslag. Dei føreslegne endringane vil ikkje ha innverknad for akvakulturnæringa, då desse allereie har avtalar med/har tilsett veterinær.

Ansvar for tiltak mot smittsame dyresjukdomar og oppfølging av dyrevernssaker følgjer anna lovverk, og forvaltninga av desse er ikkje omfatta av overføringa. Dette vil framleis liggje til Mattilsynet.

Ansvar for løysast ved å tilsette kommuneveterinær på heiltid/deltid eller yte driftstilskot. Departementet oppfordrar til interkommunalt samarbeid. Kvar einskild kommune må ikkje sjølve ha tilfredsstillande dyrehelseteneste.

Ein set krav til at administrasjonen av ansvaret skal bidra til tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell og ei vaktordning for dyrehelsepersonell. Det står lite konkret om kva arbeid administrasjonen inneber.

Ein foreslår at kommunane sjølve skal definere kva som er tilfredsstillande veterinærdekning og vaktordning.

Vaktordningane for veterinærane har vore diskutert i lenger tid. I 2003 vart veterinærdistrikta slått saman til større distrikt. Vidare arbeidde den førre regjeringa for at distrikta skulle utvidast endå meir med omsyn til vakt om natta.

Med bakgrunn i dette har det over lengre tid vore forhandlingar mellom Landbruks- og matdepartementet og Den norske veterinærforening. Etter mykje tid og ressursbruk underteikna partane ein avtalen "*Avtale mellom Den norske veterinærforening og Landbruks- og matdepartement om organisering av og godtgjøring for deltakelse i klinisk veterinærvakt*", 8.februar 2006. Denne avtalen trer i kraft 1.juli 2006. Dersom forslaget som no ligg føre vert gjennomført, vil avtalen opphøre.

Forslaget vil innebære administrative kostnader for kommunane. Departementet skriv at ein har ambisjon om at alle nye oppgåver som vert pålagt kommunane skal fullfinansierast.

Likevel så står det lite konkret i teksten anna enn kva pengar som no ligg til statsbudsjettet og Mattilsynet. Dei økonomiske konsekvensane for kommunane vil ein sjå på i lag med KS seinare, altså etter høyringa.

Vurdering og konklusjon:

Staten har i dag ansvaret for ei landsdekkjande dyrehelseteneste som er lik for alle kommunar.

Ein har dermed eit overordna organ som syter for å gi mest mogleg like tilhøve rundt om i heile landet. Dette gir tryggleik for landbruket og dyreeigarar elles.

Ordninga har diverre vorte svekkja siste åra ved at vaktområda for veterinærane har vorte utvida. Bråket og misnøya som denne endringa førte med seg tvang fram at partane måtte møtast.

Departementet og Den norske veterinærforening har difor nyleg kome fram til ein avtale for vaktordninga. Denne skal tre i kraft 1.juli i år. Det er godt nytt at ein har kome fram til semje. Det er då litt underleg at ein no etter at avtalen endeleg har kome på plass, vil la denne få ei kortvarig levetid på eit halvt år, ettersom ein vil overføre ansvaret til kommunane frå 1.januar 2007.

I forslaget som ligg føre foreslår ein no at kommunane sjølve skal definere kva som er tilfredsstillande veterinærdekning og vaktordning. Kommunane vil då i prinsippet stå fritt til å vurdere kva nivå ein meiner er tilfredsstillande tilgang på tenestene.

Forslaget gjer oss og usikre på vegne av landbruksnæringa. Veterinærdekninga vil vere avhengig av om kommunen har lukkast i å skaffe veterinærar til sitt distrikt og om ein har klart å kome fram til lokale avtalar om vaktordning. Det er ingen sjølvfølgje at dette kjem på plass i alle kommunar. Ein slik risiko kan ikkje landbruksnæringa leve med. På dette området må næringa vere trygg. Det er og risiko knytt til avgiftsnivået for næringa. Kan ei allereie pressa næring no oppleve ein stor auke i kostnadene til veterinærtenester?

Økonomisk så veit vi ikkje kor mykje pengar Ørsta kommune vil få tilført. Departementet skriv at ein har intensjon om at alle overføringar av nye oppgåver skal vere fullfinansiert.

Vår erfaring er diverre dårleg på dette området. Kommunane har siste åra fått overført mange nye oppgåver, som m.a. tidlegare låg til fylka. Eit døme på dette er Landbruk pluss. Ved desse overføringane av nye oppgåver har det ikkje fylgd med pengar i samsvar med overføringa av ansvar. Det er vår erfaring, og vi har difor vanskar med å feste tillit til at det vil skje i dette tilfellet.

Høyringsskrivet seier alt for lite om kva ein forventar av kommunane ved ei overføring, og ein seier lite om kva ansvaret inneber. Dersom konsekvensane av overføringa skal vere så vage og lite konkrete i høve kva ein krev av kommunane så er vi redd resultatet vil verte store skilnader mellom kommunane i kva veterinærtenester ein har å tilby.

Vi kan ikkje kome fram til nokon annan konklusjon enn at forslaget må avvistast.

For å oppretthalde tryggleik for dyr og dyreeigarar må ordninga halde fram med å vere statleg. Avtalen som er inngått mellom Veterinærforeningen og LMD sikrar ei god ordning frametter.

Dersom forslaget til lovendring likevel vert gjennomført føreset ein at følgjande kjem på plass:

- Kommunane må få økonomisk kompensasjon gjennom øymerka midlar som skal dekke alle overførte oppgåver.
- Staten må fastsetje klare kriterier som definerer kva som er tilfredsstillande tilgang på dyrehelsepersonell.
- Krava til organisering av klinisk veterinærvalt må vere fastsett i lov.

Saka vart handsama i landbruksnemnda 27.04. 2006 sak 18/06 og det vart gjort slik tilråding:

Landbruksnemnda i Ørsta kommune har vurdert høyringsforslaget frå Landbruks- og matdepartementet, datert 15.02.06, om endring av lov 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell.

Landbruksnemnda har følgjande uttale til forslaget:

Landbruksnemnda ser det som heilt naudsynt at ansvaret for å sikre ei landsdekkjande dyrehelseteneste og ansvaret for klinisk veterinærvalt ligg til Staten.

Det er avgjerande for vår vurdering at husdyrbrukarane og husdyra er sikra ei tilfredsstillande veterinærteneste som er mest mogleg lik over heile landet. Tenesta kan ikkje vere avhengig av kommunal økonomi, og geografiske-/kommunikasjonsmessige tilhøve. Tryggleik for veterinærtenesta og vaktordning kan berre sikrast om ansvaret ligg til Staten.

Landbruksnemnda går difor imot forslaget til endring av lov 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen har vurdert fråsegna og diskutert denne med landbrukskontoret før den vart skriven til landbruksnemnda.

Eg er samd i det meste av det som går fram av saka og har ikkje merknader til fråsegna frå landbruksnemnda.

Per Hovden
rådmann

Asbjørn Moltudal